


HAUSTELISTE 13 – 19 Juni



Nytt denne veka er salat. Salatsortane er planta mellom andre planter/grønsaker i tunnelhuset. Det blir tilsaman eit salathovud per andel denne veka – så velger du sjølv kva salatsort du ynskjer. Det er to grønne, og to meir raudlege sortar å vele mellom. Du ser bilde av dei her i haustelista. Dill har sådd seg sjølv frå i fjord, og kjem også opp litt her og der. Når du plukkar lukter du tydeleg at det er dill.




Ein del av spinaten har ikkje gått i blomst endå (ein blomsterstengel som kjem opp frå midten av planta). Då kan vi framleis hauste av desse. På kjøkkenet: varm opp litt vatn i ei panne medan du skyller blada. Legg spinaten i panna, og skru opp varmen. Når blada byrjar å synke saman heller du ut vatnet, og skyller spinaten i kaldt vatn. Så kan du kutte dei samansunkne blada, og tilsette i ei gryte, til pai, grateng osv. Gir eit godt, og grønt innspel i maten din.




Når du haustar salat; legg den gjerne i ein pose med litt vatn i. Lagrast i kjøleskap.




God haustetur!

| PLANTE | KVAR | KORLEIS | KOR MYKJE |
|--|------------------------------|---------------|----------------|
| OREGANO  | I urtebedet | Knip/klipp av | Det du trenger |
| EPLEMYNTE | I urtebedet, bak pilhytta | Knip/klipp av | Det du trenger |

| | | | |
|--|--------------------------------------|---|--|
|  | | | |
| <p>LØPSTIKKE</p>  | <p>I urtebedet, bak pilhytta</p> | <p>Klipp/kutt av nede med rota</p> | <p>1 stilk</p> |
| <p>LUFT/PIPELØK</p>  | <p>Seng 1, og 2</p> | <p>Knip/knekk av nede på planten. Det er det grønne over jorda som nyttast. Blomen/lauken som kjem på toppen er også etandes.</p> | <p>Ein stoor bunt! (Kan frysast direkte, om du ikkje kan ete alt på ein gong)</p> |
| <p>GRASLØK</p> | <p>I urtebedet</p> | <p>Klipp</p> | <p>Det du trenger. Blomsterknoppar (det lilla) Og blomster kan etast. Kan frysast ned.</p> |

| | | | |
|---|---|---|--|
|  | | | |
| <p>RUCCOLA</p>  | <p>I tunnelen (I senga nest lengst til venstre. I rada til venstre i senga)</p> | <p>Knip av blada nede på planten. Plukk frå fleire plantar.</p> | <p>Det du trenger</p> |
| <p>EKEBLADSALAT</p>  | <p>I tunnelen</p> | <p>Det kan vere greit å bruke ein kniv, å kutte av under salaten – i høgde med jorda.</p> | <p>Tilsaman 1 salathovud per andel. Du kan vele mellom denne, eller ein av dei tre andre sortane vi har.</p> |
| <p>HJARTESALAT</p> | <p>I tunnelen</p> | <p>Det kan vere greit å bruke ein kniv, å kutte av under salaten – i høgde med jorda.</p> | <p>Tilsaman 1 salathovud per andel. Du kan vele mellom denne, eller ein av dei tre andre sortane vi har.</p> |

| | | | |
|---|-------------------|--|--|
|  | | | |
| <p>SALAT LOLLO ROSSA</p>  | <p>I tunnelen</p> | <p>Det kan vere greitt å bruke ein kniv, å kutte av under salaten – i høgde med jorda.</p> | <p>Tilsaman 1 salathovud per andel. Du kan vele mellom denne, eller ein av dei tre andre sortane vi har.</p> |
| <p>RØD HODESALAT</p>  | <p>I tunnelen</p> | <p>Det kan vere greitt å bruke ein kniv, å kutte av under salaten – i høgde med jorda.</p> | <p>Tilsaman 1 salathovud per andel. Du kan vele mellom denne, eller ein av dei tre andre sortane vi har.</p> |
| <p>SPINAT</p> | <p>I tunnelen</p> | <p>Knip/knekk av kvart enkelt blad frå fleire plantar</p> | <p>Det du trenger</p> |

| | | | |
|--|---------------------|--|--|
|  | | | |
| <p>DILL</p>  | <p>I tunnelen</p> | <p>Knip av</p> | <p>Det du trenger</p> |
| <p>KVITLØKBLAD</p>  | <p>Seng 7, og 8</p> | <p>Knekk av blada – gir mild lauksmak.</p> | <p>Ta som du ønsker.</p> |
| <p>RABARBRA</p> | <p>Bak tunnelen</p> | <p>Dra til deg, samtidig som du knekker litt til sides – då får du med deg heile stilken. Knekk av bladet. Det kan</p> | <p>Det du treng – men la det stå att nokon stilkar på kvar plante.</p> |



du legge under
rabarbrplanten,
eller i
kompostskuffa.